



REFERAT MØTE I SVEIO SOKNERÅD

Dato:	8.11.2023
Desse møtte:	Anne Vierdal, Solfrid Lier Habbestad, Bente Hovland Johannesen Rune Hjelmeseter, Hildur Larsen, Astrid Yasmin Furdal Leiv Rossehaug, Sigrund Breistig, Kjell Gunnar Nymark Lars Severin Reiersen, Lars Edvart Larsen, Rikard Stokkenes Arild Steinsland
Fråvær:	
Referent:	Solfrid Lier Habbestad

Møtet starta med at Arild las teksten for komande søndag. Han minna om podcasten «Anno 1024» (Moster 2024/1000 år sidan innføring av kristenretten i Norge)

SR 1/24	Godkjenning av innkalling og dagsorden. Følgjande saker blei meldt til eventuelt: • Julekonsert • Tilsetting av ny sokneprest i Sveio • Stemmerett til varamedlemmer Vedtak: Innkalling og saksliste blei godkjent. For nytt sokneråd blir det å starta med saksnr 1/24 frå dette møtet.
SR 2/24	Godkjenning av referat frå møtet 18. oktober 2023 Sjå tidlegare utsendt vedlegg: «Referat SR 18.10.23» Vedtak: Referat frå møtet 18.10.23 blei godkjent utan merknader.
SR 3/24	Forslag til forretningsorden Frå innkallinga: «Formål: Forretningsorden skal sikre ein universal forståing for korleis eit møte eller ein debatt skal organiserast. Med eit slikt reglement kan vi være tydelege på kva vi forventar av kvarandre gjennom perioden og sikra at møta er effektive.» Det blei registrert ulike meiningar om behovet for forretningsorden slik den var sendt ut og blei presentert i møtet. Sjølv om alle i møtelyden gjerne ville ha god møtestruktur og fin møtekultur, meinte fleire at for strenge rammer i gjennomføringa av møter kan bli til hinder for gode fellesrefleksjonar og kreative innspel og løysingar når saker krev det. Fleirtalet hadde ønskje om å innføra forretningsorden og ville at leiar skulle arbeida vidare med dokumentet.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Sveio

SR 4/24

Orienteringar

Prostidag og soknerådskurs 2. november:

Kyrkja i Sveio hadde presentasjonar under følgjande overskrifter:

- Etter skuletid (trusopplæring)
- Bruk av soknehuset i lokalmiljøet.
- Gjenbruksløa (Diakoni/ omsorg for skaparverket)

Kurs for sokneråda i Sunnhordland var OK. Mange tema blei presentert på kort tid.

NB! Kurs for medlemmer i fellestrådet etter jul

Kyrkjelydsbasaren 29. oktober.

Basaren var triveleg, effektiv og ei god oppleving for barn og vaksne. Viktig med årsal. Positivt at basaren vart avvikla etter gudstenesta der 4-åringane fekk bok.

Kyrkjevertgruppene

Hildur Larsen og Bente Hovland Johannessen orienterte etter å ha sett nærare på ei organisering av grupper.

Om det blir for få vertar, kan det nå ringast til ein eller fleire i ei vikargruppe. Kaker blir administrert av Hildur. Kaffe og kjeks blir handla inn av Bente og Hildur.

Sveio Blomster syter for blomar i kyrkja til gudstenestene.

SR 5//24

Felles «kick off» saman med Førde og Valestrand sokneråd på Håheim Gard 19.-20. januar 2024

Frå innkallinga: *«Formål: bli betre kjende med oppgåva som soknerådsmedlem, bli kjend med kvarandre og soknerådet nord i kommunen.»*

Forslag til vedtak frå leiar:

«Sveio sokneråd vedtar å bruke av soknerådsfondet til ein felles tur med kursing av soknerådsmedlemmene for å skape samhald i gruppa samt bli betre kjend med sine oppgåver.»

Soknepresten orienterte om samlinga. Møtelyden fekk vidare orientering om venta kostnader for eit slik tiltak og at soknerådet har omlag 150 000 kr på fond.

Vedtak: Samrøystes som i forslaget.

Påmelding på skjema til Anne innan 1.des.



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Sveio

Sak 6/24

Møteplan for Sveio sokneråd

Frå innkallinga: «*For eit aktivt og stabilt sokneråd vil det være lurt å møtast ein gong i månaden, noko meir enn dette vil ikkje være naudsynt. Basert på leiar si arbeidstid er det framlagt forslag til møtedag på tysdagar. Det er teke omsyn til felles feriar og hellegdagar. Leiar føreslår seks (6) møter frå desember til mai. Klokkeslett vil være frå kl. 18:00.*»

Forslag til vedtak frå leiar:

Møtenummer:	Dato:
SR 23-27/02	Tysdag 19. desember 2023
SR 23-27/03	Kick off helg på Håheim Gard 19.-20. januar
SR 23-27/04	Tysdag 6. februar 2024
SR 23-27/05	Tysdag 12. mars 2024
SR 23-27/06	Tysdag 16. april 2024
SR 23-27/07	Tysdag 7. mai 2024

I denne saka var det ulike meiningar, både når det gjeld møtedag og dato for neste møte. Fleirtalet støtta forslaget frå leiar, og det var ikkje aktuelt med tilpassingar som kunne føra til at møteplanen kunne høva betre for fleire.

Vedtak:

Møteplanen blir som i forslaget.

SR 7/24

Eventuelle saker

Følgjande saker blei i sak 1/24 meldt til eventuelt:

- Julekonsert
Arild tar ansvar for organisering og gjennomføring i samarbeid med organisten. Han skal vidare avklara med kor og korps om konserten kan flyttast til kl 17.
- Tilsetting av ny sokneprest i Sveio
Stillinga er utlyst med søknadsfrist 3.des.
Soknerådet har uttalerett i søknadsprosessen. Soknerådet skal vidare stilla med ein representant i utvalet som skal gjennomføra både intervju og tilsetting. Leiar skal representera Sveio sokneråd i dette utvalet.
- Stemmerett til varamedlemmer
Fleire av medlemmene i SR uttrykte at varamedlemmene bør ha same status som dei faste medlemmene i SR om det er forventa at varamedlemmene skal stilla på alle møte og utføra arbeidsoppgåver som høyrer SR til. I saker som går til avstemming, vil dette neppe vera i samsvar med lov og rett.
Før endeleg avgjerd med omsyn til stemmerett for varamedlemmer, tar leiar kontakt med juridisk kompetanse for å sjekka ut kva som er handlingsrommet på dette feltet.

SR 8/24

Evaluering av møtet

Ris og ros frå møtegjennomføring.

